

Kristiansand BK har i samband med gjennomgang av plasstildeling i NM par funne oss verdige til å bli omtala som lure og kreative, og det er kjekt om dei oppdagar dei gode måtane vi prøver å trekkja folk med i bridgen. Vi deler gjerne info om dette, som vi har gjort med andre som har spurt, og håpar at fleire tek dei i bruk. Vi trur at fleire – men ikkje alle- stader kan ha nytte av å innføra liknande system. Geografien og folka er jo ulike.

Vi brukar sonekvalifisering til vårt KM, og dette er vedtektsfesta. (Sjå <http://bridge-sfj.org/krinstingdok/vedtekter.pdf> § 2.1.) Grunnen er at vi har ein del spelarar som føler seg tryggare ved å spela på tilnærma heimebane. Slik sett liknar erfaringane våre litt på det dei opplever i Ruter 7, at ikkje alle føler seg trygge på å møte ulvane i utgangspunktet.

Andre har KM par som det store målet for si spelning i løpet av året. Vi spelar fire stader, Ytre og Indre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. På denne måten får alle kort veg til sonemeisterskapet, og fleire klarer å delta. Dette er i alle fall argumentet vi i krinsstyret brukar, sjølv om enkelte kan hevda at sonemeisterskapa har opphav i gamal fogderi - strid som heng att, like inn i ny tid...

I år hadde vi 16 par med i Florø, 13 i Hafslo, 16 på Sande, og 29 par på Eid. Korleis kan dette bli 59? Vi har alltid ein del par som ikkje kan –eller vil- spela dette som kvalifisering, og dette vert gjort kjent, også for NBF. Med fri påmelding trur eg vi ville få meir enn 36 par med, men færre enn dei 74 som no vart aktive i sonespelinga.

Sonemeisterskapet har ein verdi i seg sjølv. Det tener også som kvalifisering til KM par. Ved å ha kvalifiseringa på førehand, kan vi setja av eit visst tal plassar i KM, 36 par er eit felt som gjev noko å bryna seg på, og det gjer at arrangørane veit kva dei skal planleggja i høve til. Det er ein stor lette for arrangørane.

Vanlegvis fungerer dette greitt, rutinane sit hos dei lokale arrangørane. Men i år fekk vi problem under arrangement av sonespeling, det meste var knytt til bruk av rekneskapsprogrammet. Vi fekk protestar, og etter ein del fram og tilbake og kontakt med NBF sentralt, vart vi rådd til å opna KM-finalen for fri påmelding. Dette var same veka som finalen skulle gå, så det var ikkje mange som brukte høvet, men nokre var det, mellom anna Nils Juklestad med makker, som du nemner, ein av dei som meinte seg urettferdig behandla under soneavviklinga. Han er ofte med på premielistene i krinsen, mellom anna vann han nettopp KM Singel.

At ein person deltek med annan makker i finalen, er også i samsvar med vedtektene. Om du er kvalifisert med ein makker, men vedkomande ikkje kan stilla, kan du spela med ein annan kvalifisert spelar. Det vil sei at den kvalifiserte ikkje kan velja kven han vil, men om to kvalifiserte som har mist makkeren sin slår seg i hop, får dei spela.

Er det andre ting du / de lurer på, så må de gjerne ta kontakt, eller koma innom og spela eit slag kort!

Med helsing

*Gunn M Angelskår*

Krinsleiar, Sogn og Fjordane